

## KRAV OM TILSYN OG PÅLEGG – GNR. 196 BNR. 4

**Til:** Kvinnherad kommune – postmottak / landbruk / miljø / byggesak

**Frå:** Anette Hvidevold

**Dato:** 10.04.2026

Eg viser til delegert vedtak om løyve til «dyrking – massefylling – planering – sprenging» på om lag 30 daa på gnr. 196 bnr. 4, samt til dokumenterte forhold som tilseier at arealet blir nytta til opplag/masselagring og avfallshandtering utover ramma av løyvet og gjeldande regelverk.

Med bakgrunn i det som føregår på arealet krev eg at kommunen gjennomfører tilsyn på gnr. 196 bnr. 4 og tek stilling til om bruken av arealet er i samsvar med gjeve nydyrkingsløyve og gjeldande regelverk.

Vedlegget inneheld ei samla og detaljert utgreiing med tidslinje, observasjonar og biletdokumentasjon.

### 1. Kort samandrag

Etter mi vurdering er bruken av arealet ikkje avgrensa til nydyrking/landbruksføremål, men framstår som opplagsplass og mellombels/varig masselager, med tipping i terreng mot skog og bekk. Dette kan innebere brot på vilkår i løyvet (berre reine massar) og/eller anna regelverk som regulerer avfall, massehandtering og forsøpling.

### 2. Rettsleg ramme (kort)

Løyve til nydyrking gir berre adgang til tiltak som er sakleg og agronomisk naudsynte for å etablere jordbruksareal. Bruk av nydyrkingsareal som opplagsplass, masselager eller avfallsplass fell utanfor ramma av nydyrking og krev sjølvstendig vurdering og eventuell oppfølging etter relevant regelverk (mellom anna forureiningsregelverket og plan- og bygningslova).

### 3. Krav

På bakgrunn av dokumentasjonen krev eg at kommunen:

1. gjennomfører tilsyn snarast og utarbeider tilsynsrapport med konklusjon
2. tek stilling til om bruken av arealet er i samsvar med nydyrkingsløyvet og vilkåra i vedtaket
3. avklarar om det er mottatt/lagra massar eller materiale som er å rekne som avfall/ureine massar, og vurderer konsekvensar av dette

4. gjev pålegg om stans/oppheyr for aktivitet som fell utanfor løyvet og/eller er ulovleg, og pålegg retting/oppdydding med fristar

5. journalfører og gjer tilgjengeleg dokumentasjon frå tilsynet (rapport/vedtak), slik at partar kan ivareta innsyn og kontradiksjon

#### **4. Frist for svar**

Eg ber om skriftleg stadfesting innan 6.mai for (i) plan for tilsyn og (ii) tidspunkt for tilsynet, eller grunngjeving dersom kommunen meiner oppfølging ikkje er naudsynt. Som eigar av naboeigedom, ynskjer eg høve til å delta på tilsynet, då tiltakshavar sin aktivitet påverkar min eigedom.

Med helsing

Anette Hvidevold

Fra: anette hvidevold[anetteh82@gmail.com]  
Sendt: 15.04.2026 20:11:38  
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]  
Tittel: Dokumentasjon og utgreiing av ulovleg tiltak på nydyrkingsløyve

---

Det er ikkje ofte du tek imot e-post frå anetteh82@gmail.com. [Finn ut kvifor dette er viktig](#)

Vedlagt ligg varsel med krav til kommunen, inkl. eit dokument som dokumenterer kva som skjer på areal knytt til 196/4.

Fleire bilete kan sendast om ynskjeleg.

Anette Hvidevold

## VEDLEGG 1 – BRUK AV AREAL MED NYDYRKINGSLØYVE TIL OPPLAG OG LAGRING

Gnr. 196 bnr. 4, Kvinnherad kommune

Dato: 10.04.2026

### Samandrag

- Det vart gitt nydyrkingsløyve i 2017. Området omfattar mellom anna myr og skog, delar av arealet består av bratt terreng.
- Arealet har over fleire år vore nytta som base/opplagsplass med lagring av massar, gjenstandar og avfall.
- Det er observert tipping/dumping i skråning mot skog og bekk, inkludert hageavfall og materiale som kan vere forureina.
- Vilkår i løyvet seier at det berre skal nyttast reine massar ved fylling. Det er dokumentert materiale som ikkje fell inn under «reine massar».
- Det vert kravd tilsyn og retting/opprydding, og at kommunen vurderer tilbaketrekking av løyvet.




### 1 Nydyrking

---

<sup>1</sup> Bileta i dokumentet er tatt på arealet i perioden 2020 og fram til i dag. Bileta er tatt av privatpersonar om ikkje anna er nemnd.

Eg viser til areal på gnr. 196 bnr. 4 i Kvinnherad kommune, der det i 2017 vart gitt nydyrkingsløyve, trass i at delar av området var myr med betydeleg verdi for naturmangfaldet. Myra er eit viktig leveområde for amfibium. Sidan løyvet vart gitt, har det kome fleire bekymringsmeldingar og klagar knytt til tiltaket, og kommunen har ved fleire høve blitt gjort uttrykkeleg merksam på at området vert nytta på ein måte som går langt utover det som er heimla i nydyrkingsvedtaket.



2 Arealet i 2013 (gardskart.no)

### Bakgrunn

Når det gjeld søknaden frå 2017, har ikkje kommunen respondert på førespurnadar om innsyn. Tidlegare var han tilgjengeleg på postlista, noko han ikkje lenger er. Med utgangspunkt i andre dokument knytt til saka får ein noko informasjon om kvifor grunneigar har søkt om nydyrking.



3 Arealet i 2024 (gardskart.no)

I vedtak datert 31.05.2017, kan ein lesa at «Hege Medhammer Tofte og familien har nyleg overteke garden. Dei driv med sau og ynskjer å auka produksjonen. For å få dette til treng ein meir både dyrka mark og beite». Grunneigarar av arealet er Hege M. Tofte og ektemannen Geir. Det var Hege M. Tofte som i 2017 søkte om nydyrking. Firmaet «Sau og sånt» som står for «nydyrkinga» av arealet, og firmaet vert driven av borna til søkar, ref. brev til kommunen 18.12.2020, og ektemannen Geir er styreleiar i føretaket. Vidare er det «Sau og sånt» eg refererer til som tiltakshavar.

Underteikna er ikkje den einaste som stiller spørsmål ved intensjonen med søknad om nydyrking når dei framleis ikkje har klart å dyrke opp noko som helst på arealet sidan 2017. Samtidig som det vart hevda at det var naudsynt å få meir beite og dyrka mark, har dei kome med innspel til kommuneplanen sin areal del, der dei føreslår å ta ein betydeleg del av eigen dyrka mark å gjere om til næringsområde og bustadtomt. Tiltakshavar har i tillegg til arealet på 196/4, eit nydyrkingsløyve på 8 daa på 196/29 som vart godkjent i 2022. Det er heller ikkje noko framdrift som liknar på nydyrking her.

I staden for å drive med nydyrking, fungerer arealet som base for firmaet «Sau og sånt», som i hovudsak driv med anleggsverksemd. Sidan 2017 er arealet brukt som steinuttak, opplagsplass, tipp og midlertidig til langvarig lagring av ymse massar og søppel.

Kommunen trakk løyvet tilbake i 2020, på grunn av det tiltakshavar hadde gjort på arealet, tiltakshavar klaga på tilbaketrekkinga av løyvet. Statsforvaltaren i Vestland gav 28.09.2021 kommunen delvis medhald i tilbaketrekking av nydyrkingsløyve for arealet med steinuttak, medan arealet der myra ligg, fekk tiltakshavar medhald og løyve til å halde fram med nydyrking etter planen. Statsforvaltaren skriv i vedtaket at «Dette arbeidet kan halde fram som planlagt».

### **Om tiltaket etter 2021**

I samband med kommunen sitt tilsyn på området i 2020, bad kommunen tiltakshavar om bl.a.

*«Ved synfaringa vart vi einige om at eigar får utarbeidd ein detaljplan for det området dyrkinga gjeld for. (...) Vi ber også opplyst framdriftsplan for arbeida, og når det vil stå ferdig. Videre ber vi om ein utrekning av kor mykje massar det trengst av mold og jord for å stetta terrengfallet de prosjekterer.»*

I sitt svar til kommunen, datert 15.09.2020, vurderte tiltakshavar at dei håpa å kunne ferdigstille nydyrkinga ila 5 år. Noko Statsforvaltaren også viste til i sitt vedtak frå 2021. No er det gått 4,5år sidan september 2021, og tiltakshavar har framleis ikkje dyrka noko som helst på området. Sidan 2021 har det jamleg vore gjort greie for kommunen at arealet ikkje vert nytta som jordbruksareal, men i staden som ein base for anleggsverksemda og tipp.



Underteikna har sjølv hatt lange samtalar med kommunen, og fleire andre har uttrykt bekymring til kommune og statsforvaltar. Det vert køyrt store mengder massar inn og ut av området, og massane vert lagra permanent eller midlertidig på teigen for seinare bruk i andre prosjekt. Tiltakshavar har hevda at dei ikkje har tilgang på massar til å ferdigstille nydyrkinga, men det er ikkje spesielt merkeleg sidan dei køyrer vekk jordmassar som vert køyrt til.

I vedtaket til Statsforvaltaren (2021) vises det til at tiltakshavar skreiv i nydyrkingsøknaden «at det vil bli grøfta hensiktsmessig og at vassføring frå beite vil gå i eksisterande bekkefar som går gjennom eigedomen». Det er lite som tyder på at det er gjennomtenkt fylling av myra med omsyn til drenering og eksisterande vassveggar. Vassmengder vert pressa over på naboeigedomar og bekk «drukna» i massar. Delen av myra og området i nærleiken som eg eig har heva seg og blitt våtare som følgje av måten tiltakshavar har gått fram for å sikre lagringsareal på sin eigedom.

Det er mykje som peiker mot at den så kalla «nydyrkinga» har blitt gjort for å dekke behovet til anleggsfirmaet, ikkje til sauehald. Denne påstanden bygger på det som har gått føre seg sidan oppstart og fram til no. Arealet har vore, og er, prega av regelmessig og langvarig lagring av containerar med avfall, asfalt, bygningsmateriale, skytematter, dekk, større behaldarar for olje/gass/parafin, betongelement, køyretøy og anna utstyr som er direkte knytt til anleggsverksemd. I tillegg har det skjedd dumping av diverse massar, blant anna hageavfall ut i skogen i bakkant av arealet. Dette er dumpa utan omsyn til natur og vatn.

Det siste som har skjedd er at det har blitt observert slamsugebil frå Into Røyr på «tippen», bilen er observert fleire gongar om dagen i periodar. Bilen ryggar inn til tippen, vert ståande ei stund og køyrer så tilbake. Massane det er snakk om er, med svært stort sannsyn, ikkje reine eller eigna til bruk for nydyrking. Desse massane renn ned i bekken som går nedanfor, ein bekk som kjem til å bli dekkja av desse massane ganske snart.



Den type aktivitet som er skildra over indikerer at arealet vert nytta til formål som ligg langt utanfor både intensjonen med og dei rettslege føresetnadene for eit nydyrkingsløyve. Slik bruk av arealet kan ikkje forklarast som del av nokon form for jordbruksrelatert drift.

### **Kvinnherad kommune**

I samtalar med Landbrukskontoret i Kvinnherad vert det påstått at kommunen ikkje har mynde til å stoppe den ulovlege aktiviteten og misbruk av løyve som vart gitt. Det har i telefonsamtalar blitt uttrykt at det er lov å ha deponi på nydyrkingstiltak, og at det er mange som driv på slik som det vert gjort på nydyrkingsarealet til 196/4. Dette er ein rettsleg sett feilaktig påstand. Det finst ingen heimel i jordlova, nydyrkingsforskrifta, plan- og bygningslova eller forureiningslova som gir rom for å tolka eit nydyrkingsløyve som løyve til å etablere opplagsplass, deponi, masselagring eller anleggsaktivitet. Dette står også i vedtaket til Statsforvaltaren (2021). Det er heller ikkje noko rettsleg grunnlag for å vise til at «mange gjer dette» som argument for at kommunen skal unnlate å gripe inn. Slik argumentasjon manglar forankring i norsk rett.

Vidare har kommunen påstått at det ikkje er anna enn reine massar som er tatt i bruk og vert lagra på arealet. Landbrukskontoret har også uttrykt at å dumpe hageavfall i skogen er lov. Og at det er lov å drive anna aktivitet på nydyrkingsareal dersom ein ikkje har råd eller massar til å fullføre nydyrking. Det er ikkje heimel i lovverket til at kommunalt tilsette kan tolke regelverk etter kor mange som ikkje følgjer lovverk eller kva ein sjølv måtte meine er innafor. Det er heller ikkje heimel for å drive anna verksemd på nydyrkingstiltak fordi ein ikkje har råd eller massar til å sette i gang med og/eller fullføre nydyrking.

Kommunen er etter jordlova § 20, plan- og bygningslova § 32 1 og forureiningslova § 7 andre ledd forplikta til å føre tilsyn og følgje opp ulovlege tiltak. Tilsynsplikt er ikkje eit skjønnsmessig spørsmål; når kommunen blir gjort merksam på forhold som kan vere ulovlege, skal kommunen undersøke saka og gripe inn dersom dei faktiske forholda viser brot på gjeldande lovverk. Kommunen er også forplikta til å dokumentere. Å avfeie varsel med at «andre gjer også dette», er uakseptabelt.

At kommunen har vore passiv eller uttrykt tvil om eigen mynde, endrar ikkje på denne plikta. Mynde til å gripe inn er ikkje skjønnsmessig – det er ein lovpålagt oppfølgingsplikt. Det er kritikkverdig at det verkar som at kommunen ikkje er villig til å følgje opp denne plikta før media eller Statsforvaltaren kjem på banen. Fyrst tre månadar etter at statsforvaltaren meldte kommunen i 2025 var kommunen på tilsyn. Tilsynet vart gjennomført i mai 2025, utan at det føreligg offentleg dokumentasjon frå tilsynet. Ved å unnlate å dokumentere, hindrar kommunen allmennheita innsyn. Eg, og andre, har

etterspurt informasjon, og haldninga som me har blitt møtt med har vore svært kritikkverdig.

### **Om vedtaket: vilkår og heimel.**

Kommunen har uttrykt at dei ikkje har moglegheit til å gripa inn mot det som skjer på arealet. Dette er sjølvsagt ikkje korrekt. Sjølv om tiltakshavar har løyve til å dyrke på arealet, og Statsforvaltaren i 2021 oppretthaldt løyve om nydyrking for delar av arealet, kan kommunen gripe inn når aktivitet som avvik frå dei forskriftene eit nydyrkingsløyve vert heimla i eller vilkåra som ligg i løyvet.

Følgjande vilkår går fram av vedtaket:

*Ved fylling skal det berre nyttast reine massar.*

*Det skal takast mest mogeleg omsyn til kulturlandskapsverdiene i området. Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med arbeidet i marka, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren må få melding om funnet.*

*Vedtaket er heimla i jordlova § 11, naturmangfaldlova, kulturminnelova og dei kommunale delegasjonsføresegnene.*



### **Omgrepet «reine massar**

I offentleg forvaltningspraksis viser dette omgrepet til naturlege mineralmassar som jord, grus, sand og stein, utan innblanding av avfall eller framande materiale. Det skal heller ikkje vere innhald av asfalt, betong, plast, metall eller anna restmateriale. Massar som inneheld slike komponentar skal etter forureiningslova reknast som avfall, og lagring av slikt materiale krev særskilt løyve eller må skje på godkjende avfallsmottak. Det er såleis openbert at vilkåret om bruk av reine massar er brote. Dette gjeld sjølv om tiltakshavar eller kommunen meiner at delar av massane er reine; det er nok at noko av det som er lagra ikkje oppfyller krava. I vedtaket står det tydeleg at det berre skal brukast reine massar ved fylling, noko som



absolutt ikkje er tilfelle i denne saka. Vidare er det eit viktig element, meiner eg, at på eit nydyrkingstiltak kan ein godt køyre reine massar til for lagring til bruk i nydyrkinga. Det er også innanfor regelverket å køyre ut overskuddsmassar frå arealet. Aktivitet som å lagre tilkøyrtte massar på arealet, og etter ei tid køyre vekk massar er ikkje noko som ein har heimel for i eit løyve heimla i jordlova §11. Spesielt er det ikkje heimel for å lagre andre, ikkje dyrkbare massar på eit slikt areal. Eg har vanskeleg for å sjå korleis containerar med søppel skal kunne brukast i nydyrking. Det same gjeld støypesand, betongblokker, malingspann, tomme oljekanner, gamle kraftoverføringsakslar, stolar, skytematter og dekk. Ein står ikkje fritt til å lagre og dumpe det ein ynskjer, sjølv om ein eig arealet.



2



4 Disse har lege på området i alle fall i nærare 6år, bilete frå 2020 og 2026



<sup>2</sup> Bilete henta frå statsforvaltaren sitt tilsyn i 2020.

## Dumping av hageavfall

Som kommunen har blitt gjort merksam på ved fleire høve vert det dumpa hageavfall i skogsområdet bak myra. Sjølv om hageavfall kan verka uskuldig, blir det etter forureiningslova rekna som avfall, og dumping i naturen er forbode etter § 28 om forsøpling. Utkast av kvistar, lauv, jordmassar, buskar og liknande kan medføre spreieing av framande artar, påverke det naturlege økosystemet og bidra til gjengroing av område som elles har verdi som kulturlandskap. I eit område der nydyrking er godkjent, og der omsynet til kulturlandskapet er eit uttrykkeleg vilkår, vil slik dumping vere spesielt uheldig. Dumping i skogsområde kan i tillegg føre til at dreneringsforhold, hydrologi og terrengstruktur vert endra på ein måte som er i strid med både vilkåra i nydyrkingsløyvet og omsynet naturmangfaldlova skal ivareta. Kommunen har difor heimel til å gripe inn og påleggje fjerning av hageavfall som er tippa ulovleg, og kan leggje dette til grunn som ein del av vurderinga av om vilkåra i nydyrkingsløyvet er brotne og om løyvet bør trekkjast tilbake.



Vidare kan eg informere, som eg har gjort tidlegare, at det blant anna har vorte dumpa tujaer med fullt rotsystem i skråning mot skogen, og det har starta å vekse hageblomar på området. I helga var eg der igjen, og no har dei dumpa rododendron med røter, Apenes skrekk og anna hageavfall på tippen ned mot skogen. At tiltakshavar vel å dumpe tuja med rotsystem på eit areal prega av fuktig og myrlendt skog er ein av mange indikasjonar på at nydyrking er det siste dei er opptatt av. Tuja er ein framand art som vert vurdert til «høg risiko» i artsdatabasen. Der kan ein bl.a. lese dette:

«I sitt naturlige utbredelsesområde er arten først og fremst karakteristisk for fuktig eller myrlendt skog og flommark, ofte på torv eller sumpjord, og den kan derfor ha et meget stort potensial dersom den etableres i de rette naturtypene i Norge.»

Rhododendron er ei anna hageplante som har høgt skadepotensiale, og som tiltakshavar har dumpa i skogen. At trea i skogkanten no bøyer seg utover og misser stabilitet fordi massar er tippa ned mot skogen og at bekken i botna av tippen vert ikkje teke omsyn til viser òg at tiltakshavar ikkje har ein god plan for arealet eller bryr seg om korleis framferda påverkar natur og eigedomar rundt.

Siste tida har det ikkje berre vorte tippa hageavfall med framande artar, gjødsel og tegelstein oa, men også avfall frå slamsugarar. Massar frå slamsugarar indikerer at massane potensielt kan vera giftige, og dei er lite eigna som fyllmasse for nydyrking. Dette er nok ein indikasjon på at nydyrking og jordbruk ikkje er hovudformålet med arealet.





## Omgrepet «kulturlandskapsverdier»

Når det i vedtaket heiter at det skal takast mest mogleg omsyn til kulturlandskapsverdiane, viser dette til landskapet slik det er forma gjennom tradisjonell jordbruksdrift og bruk av areala, med tilhøyrande biologiske og kulturhistoriske verdier. Det omfattar mellom anna terrengform, gamle strukturar, kulturminne, vegetasjon og det visuelle landskapsbiletet.

Når eit område vert planert med stein og grus, maskinar vert plasserte på området, avfallscontainerar vert sett opp, og store tipphaugar ligg oppe på det som ein gong var eit økologisk verdifullt område, er det ingen tvil om at kulturlandskapsverdiane er alvorleg og irreversibelt øydelagde. Ein treng ikkje vera ekspert av noko slag for å sjå at arealet ikkje passar inn som ein del av eit kulturlandskap. Tiltakshavar har sagt at nydyrkingsarealet i periodar vil kunne sjå ut som eit anleggsområde. Eg meiner at 9 samanhengande år ikkje kvalifiserer som «i periodar».



## **Forholdet til forureiningslova – opplagsplass og avfallsverksemd**

Forureiningslova slår fast at den som driv opplagsplass eller anlegg for behandling av avfall som kan medføre forureining eller verke skjemmande, må ha løyve etter reglane i kapittel 3. I slikt løyve kan det setjast vilkår mellom anna om transport, behandling, gjenvinning og oppbevaring av avfall, og om tiltak for å motverke at anlegget verkar skjemmande. Vidare gjeld forureiningslova § 10 om plikt til å unngå forureining tilsvarande for slik verksemd.

Dagens bruk av arealet – med inn- og uttransport av massar, lagring for seinare bruk andre stader, opplag av containerar, skytematter, dekk, køyretøy og ulike typar avfall og overskotsmateriale – fell klart inn under det forureiningslova omtalar som opplagsplass/anlegg for behandling eller handtering av avfall. Slik verksemd krev eige løyve etter forureiningsregelverket. Noko også statsforvaltaren påpeika i sitt vedtak (2021). Nydyrkingsløyvet etter jordlova § 11 kan ikkje tolkast som eit løyve til å etablere og drive ein opplagsplass eller eit avfallsanlegg på eigedomen. Sjølv om tiltakshavar gjerne ynskjer dette.

Naboar har tidlegare meldt om at det tiltakshavar held på med er skjemmande, det er lydforureinande og aukar trafikken i området. Vegen til arealet har lidd stort under verksemda til tiltakshavar, og fører til dårlegare køyreforhold og aukar faren for uønskte hendingar. Det hadde vore interessant å sjå om vatnet i myra rundt tiltaket har blitt påverka av dei ulike massane og avfallet som er/har vore på arealet.

## Myr

Myrområde er særleg sårbare for inngrep; dei har låg bereevne, høg vassmetting og fungerer som viktige karbonlager og hydrologiske buffersoner. Å fylle ei myr med store steinblokker og pukk for å kunne lagre utstyr m.m. på er ikkje nydyrking, men eit ulovleg tiltak. Dette fordi dette ikkje bidreg til å skape dyrkingsjord, men tvert imot øydelegg myra si økologiske og agronomiske funksjon. Drenering, arrondering og jordfagleg vurdering er grunnleggjande krav i ein nydyrkingsprosess. Når slike vurderingar ikkje er gjort, og tiltakshavar har gjennomført inngrep som openbert ikkje er eigna til å oppnå dyrkingsformål, ligg det føre brot på vilkåra for løyvet etter § 11. Dette gir kommunen grunnlag for å følgje opp forholdet som ulovleg verksemd, med høve til både å påleggje retting og opprydding, og å vurdere omgjerung eller tilbakekall av løyvet etter forvaltningslova § 35.

Vidare har tiltakshavar dumpa massar der det var rumpetroll – sjølv under eit gyldig nydyrkingsløyve – er det ulovleg, og tiltakshavar skulle ha søkt særskilt løyve for å påverke eit amfibieområde. Dette er eit miljøinngrep som kommunen skulle ha reagert på. Noko dei ikkje gjorde då dei vart gjort merksame på det.

Det er også viktig å påpeike at det søndag 5.april 2026 vart oppdaga rumpetroll-egg og parande amfibium på arealet. Samt daude amfibium som bar preg av å ha blitt direkte påverka av forholda på arealet. No har kommunen ein ny moglegheit til å rette opp i tidlegare feil. Tiltakshavar har vist manglande respekt for dyreliv, og difor bør kommunen vera tydelege på at tiltakshavar ikkje kan gjere noko som set livet til amfibia i fare framover.



Måten tiltakshavar har valt å «dyrke» myra på har vore av ein slik karakter at vassmassane frå myra vert pressa over på min eigedom, og at eigedomen min har heva seg. Dette er eit faktum som viser at tiltakshavar sine inngrep ikkje berre øydelegg eigen eigedom, men påverkar nabo direkte og negativt. Ein kan ikkje, utan omsyn til eigedomar rundt, gjere inngrep som flyttar hydrologi og negativt påverkar kringliggande eigedom.



## Nydyrking

Jordlova § 11 regulerer nydyrking og set som grunnleggjande vilkår at tiltaket skal vere agronomisk forsvarleg og ikkje føre til vesentlege negative konsekvensar for natur, miljø eller kulturlandskap. Vidare seier Forskrift om nydyrking §2 at forskrifta omfattar nydyrking av areal til jordbruksføremål.

Etter ordlyden i jordlova § 11 og gjeldande forvaltningspraksis frå Landbruksdirektoratet kan massedeponi aldri reknast som nydyrking, uavhengig av om det ein gong i framtida er planlagt landbruksdrift på arealet. Massedeponi er ein annan type aktivitet som krev eigen heimel i forureiningslova og plan- og bygningslova. Å bruke nydyrkingsløyve som grunnlag for slik verksemd er difor eit misbruk av løyve og manglar rettsleg grunnlag. Det tiltakshavar driv med på arealet i dag, inkludert dei siste 9 åra, fell ikkje inn under noko som kan definerast som «jordbruksføremål».

Vidare har ikkje tiltakshavar teke omsyn til nydyrkingsforskrifta §6 om vegetasjonssone til vassdrag. Det er ikkje spesielt lett å sjå på alle bilete, men i bakkant av tippen går ein bekk, den kjem til å bli delvis dekkja av massane som tiltakshavar dumpar der, om den ikkje allereie er det. Eg har ikkje våga meg nedanfor tippen, då eg er redd det kan skli ut massar.

## **Om vilkåra i løyvet og tilbaketrekking av løyve**

Det som skjer på arealet er ikkje berekraftig ressursforvaltning, ivaretaking av kulturlandskapet eller å vise omsyn til naturmangfaldet, som er dei vilkåra og forskriftene som godkjenning av nydyrkinga er heimla på.

Nydyrkingsløyvet er gitt etter mellom anna jordlova § 11, naturmangfaldlova og med klare vilkår om bruk av berre reine massar og omsyn til kulturlandskapet. Når arealet i praksis vert nytta som opplagsplass for anleggsverksemd og lagring av ulike typar avfall og overskotsmassar, er det klåre brot på vilkåra i vedtaket og på jordlova sitt formål om å ta vare på jordressursar og kulturlandskap.

Forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c opnar for omgjerung når vedtaket er gjort på feil grunnlag eller føresetnadene har endra seg. Her er situasjonen at føresetnadene for løyvet aldri har blitt oppfylte, og at arealet er brukt til ei heilt anna verksemd enn det løyvet heimlar. Dette er eit klassisk tilfelle der § 35 kan brukast. I tillegg bør kommunen stille seg spørsmål om søknaden har vore basert på feil opplysningar frå søker, som har gitt uttrykk for trong for beite og dyrka mark. I løpet av 9 år har dei ikkje gjort noko på arealet som tilseier at dei har behov for det dei har brukt som grunngeving i søknaden. Vidare har dei faktisk føreslått å omdisponere faktisk dyrka mark dei eig til industritomt og bustad-føremål, som gjev grunn til å stille spørsmål ved det faktiske behovet.

Brot på vilkår, og det at løyvet vert brukt som «dekke» for verksemd som ligg utanfor jordlova sitt saklege område, er moment som talar for at det ligg føre tungtvegande omsyn til offentlege interesser. Kommunen kan òg vurdere pålegg om retting og tilbakeføring til lovleg bruk, til dømes at opplagsverksemda må bringast til opphøyr og at massar og avfall vert fjerna.

Vedtaket er også heimla i naturmangfaldlova. Og tiltakshavar si framferd er i strid med naturmangfaldlova § 69, som set eit generelt forbod mot å skade naturmangfaldet utan heimel i lov. Sjølv om tiltakshavar har løyve til å dyrke opp arealet, er det ikkje eit løyve til å dumpe hageavfall som kan føre til spreiding av framande artar.

Tiltakshavar si verksemd på arealet er òg i strid med naturmangfaldlova sine reglar om vern av artar og leveområde. Løyvet gir ikkje rett til å øydelegge eller forringe leveområde for viltlevande dyr, inkludert amfibium. Når tiltak som massedeponi, utfylling og dumping fører til at rumpetroll, egg eller vaksne individ blir drepne eller leveområda deira øydelagde, ligg dette klart innanfor forbodet i § 69.

Vidare følgjer det av § 70 at brot på naturmangfaldlova – også aktlaus eller tilfeldig skade – kan vere straffbart. Miljødirektoratet har presisert at all handtering av amfibium krev

særskilt løyve, nettopp fordi artane er sårbare og trua av mellom anna sjukdom og naturinngrep. Det er ikkje lenger lov til å plukke opp rumpetroll utan løyve, noko som understrekar kor strengt artane er verna. At tiltakshavar sin aktivitet har medført at amfibium faktisk døyr som følgje av inngrepa, viser at det ligg føre brot på både § 69 og § 70, uavhengig av nydyrkingsløyvet. Kommunen har derfor ikkje berre heimel, men plikt til å stanse verksemda og følgje opp forholdet som eit mogleg lovbrot etter naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova gjeld for all bruk av natur og alle tiltak som kan påverke naturmangfaldet. Etter § 7 skal lovas miljørettslege prinsipp leggjast til grunn ved all offentleg myndigheitsutøving, også der tiltak er handsama etter andre sektorlover som jordlova og forskrift om nydyrking.

På bakgrunn av det som er dokumentert i saka, kan bruken av arealet ikkje reknast som nydyrking eller tiltak heimla i vedtaket frå 2017. Bruken viser masselagring, avfallshandtering og tipping i terreng, utan nødvendig rettsleg heimel. Kommunen har heimel, både etter jordlova, naturmangfaldlova og etter forvaltningslova § 35, til å trekkje tilbake løyvet sjølv om det ikkje var sett eksplisitte vilkår i vedtaket. Omgjeringa kan grunngevast med mellom anna, men ikkje avgrensa av, at føresetnadene for løyvet ikkje lenger er oppfylte, at tiltaket strir mot lovas formål, og at det ligg føre tungtvegande offentlege omsyn knytte til vern av miljø, naturmangfald og kulturlandskap.

I tillegg er dei registrerte forholda – inkludert tilkøyring av avfall, forureina massar og fråvær av omsyn til dyre- og planteliv – er av ein slik karakter at kommunen kan gi strakspålegg om stans etter fleire lovtekstar, som jordlova, plan- og bygningslova og forureiningslova. Dette gjeld særleg dersom det er fare for forureining, avrenning eller skade på naboeigedom.

Kommunen bør ikkje visa meir tolmod i saka. Eg forventar at kommunen straks stoppar aktiviteten på arealet, spesielt med omsyn til amfibia og for å hindre at det vert dumpa ureine massar i tida framover. Det bør setjast korte fristar for tiltakshavar til å fjerne massar, søppel og utstyr. Kommunen bør nytte seg av høve til å ilegga tvangsmulkt dersom ikkje tiltakshavar klarer å rette seg etter fristane.

Manglande kunnskap eller kapasitet hjå tiltakshavar kan ikkje vera grunnlag for å få halde fram med ulovleg verksemd.

Det same gjeld for eventuelle økonomiske og driftsmessige konsekvensar tilbaketrekking av løyve og opphøyr av deponiet får for bedrifta. Det forhold at ei retting av ulovleg bruk kan medføre kostnader for tiltakshavar, eller få konsekvensar for deira drift eller verksemd, kan etter fast forvaltningsrett ikkje tilleggast vekt ved vurderinga av om tiltaket

er lovleg. Økonomiske eller driftsmessige omsyn kan ikkje gi grunnlag for å utvide, endre eller legalisere bruk som fell utanfor gjeve løyve og gjeldande regelverk.

Dersom arealet er teke i bruk i strid med vedtak om nydyrking, vilkår i løyvet eller anna gjeldande lovverk, har kommunen plikt til å føre tilsyn og påleggje retting, jf. legalitetsprinsippet og forureiningsregelverket. Eventuell innretting eller investeringar gjort av tiltakshavar på grunnlag av ei feil eller utvida tolking av vedtaket, skjer på tiltakshavar sin eigen risiko og kan ikkje tillegkast avgjerande vekt.

Det vert på denne bakgrunn kravd at kommunen snarast gjennomfører tilsyn beinveges, tek stilling til dei påviste avvika og pålegg retting i samsvar med gjeldande lovverk. Manglande oppfølging vil etter dette innebere at kommunen legg til rette for ulovlege tiltak ved å stilleiande akseptera at arealet blir brukt i strid med både vedtak, vilkår og overordna regelverk.